

Frænen – tolking og mistyding

Av Helge Sandøy


1. Ei forvirrande historie

Fleire har prøvd seg på å tolke Fræn-namnet. Men ikkje noe forslag har hittil vore overtydande, så Ola Stemshaug kommenterer i *NSL* at «F. ikkje er skikkeleg tolka». Årsaka til problema med tolkinga kan ha vore til dels galen uttaleopplysning og dels manglande analyse av korrespondansane mellom vokalsystemet i norrønt og vokalsystemet i moderne romsdalsk. Diskusjonen om namnet har vore forvirrande, og da departemanget ved kgl. res. i 1917 forvanska skrivemåten til *Fræna*, blei ikkje situasjonen klårare.

2. Bruk og form i dialekten

Som kartet nedafør viser, omfatter den gamle Fræn-kommunen først og fremst området kring det som ofte blir kalla *Frænfjorden*. Det er semje blant fagfolk om at namnet *Frænen* opphavlig er eit fjordnamn. Og det har fram til i dag vore vanlig å bruke /^hfre:nj/ både om fjorden og om bygdene rundt fjorden, men med preposisjonen *på* når det gjeld fjorden, og *i* når det gjeld bygdene.

Den romsdalske uttalen er /^hfre:nj/ i nemneform og /^hfre:nɔ/ i dativ. Fonemet /e/ i trykktung staving har i romsdalsk tre mulige opphav i norrønt: kort *i*, lang *é* og (lang) *æ*. Det kan vi sjå i ord som /fesk/, /^hve:te/, /le:t/, /let/, /^hse:te/ og /^hveter/ av norr. *fiskr* m., *viṭa* inf., *lét* pret., *létt* adj. n., *sæti* n. og *vættr* f. Norrøn kort *e* svarer i romsdalsk systematisk til /æ/ eller /ɛ/. Den trongare lyden /ɛ/ er på Romsdalshalvøya brukt føre palatale konsonantar. Her kan ein jamføre /hæst/ av *hestr* og /^hhepe/ av *hengja*. Desse samsvara mellom norrønt og romsdalsk er så eintydige at det er vanskelig å finne unntak. Det vil seie at vi ut ifrå uttalen i dag kan tenke oss tre mulige norrøne former: **Frini*, **Fréni* og **Fræni* (her oppstilt i ub.f.). Ei form som **Fræni* med norrøn kort *e* er altså strukturelt umulig etter den lokale dialektutviklinga.



Ovafor har eg rekna namnet som ein maskulin *an*-stamme (d.v.s. eit svakt 'hankjønnsord'). Men morfologisk kan endingane /-ij/ (i nemneform) og /-ɔ/ (i dativ) passe i tre bøyingsklassar i romsdalsk: 1) maskulin *an*-stamme eintal, 2) maskulin *i*-stamme fleirtal, og 3) feminin *i*-stamme fleirtal. I alle tilfella er det tale om bestemt form. Eg er ikkje i tvil om at vi *i dag* oppfattar *Frænen* som eit namn i eintal, jf. ei setning som /ska dæ ipi na "fre:nij at 'nu:!/ (= Skal du inn i denne Frænen att no!). Pronomenet /na/ (= 'denne') viser at substantivet etter må ha eintalsform. I dag er altså namnet oppfatta og bøygd som ein maskulin *an*-stamme i eintal. I eit historisk resonemang veg eit slikt faktum sjølvstakt ikkje så mye, for tal og genus kan lett omtolkas. For etymologien er det viktigare at fjordnamn ikkje bruker vere feminine ord i fleirtal.

I samansetningar opptre namnet i dag bare med stammeforma, d.v.s. utan komposisjonsfuge: Frænfjorden /'fre:n,fju:rn/, Fræneidet /'fre:n,eie/, frænbåt /'fre:n,bɔ:t/ o.s.v. Ei ev. komposisjonsfuge etter ein maskulin

an-stamme skulle ha vore /-e-/ i romsdalsk, ettersom den norrøne genitivsallomorfen *-a* blir redusert. At den norrøne forma hadde genitivsallomorfen *-a*, ser vi av belegga vi skal komme til under neste punkt. I romsdalsk er det svært vanlig at komposisjonsfuga /-e-/ fell bort etter stammeutgang på /n/, slik at samansetningane ovafor føyer seg heilt etter utviklinga elles i dialektten.

3. Skriftlige kjelder

Eldste belegget på Fræn-namnet er «ffræna ffyrði» i eit vitnebrev frå 1343, altså ei dativform av namnet Frænfjorden. Brevet gjeld ein handel som omfatta jord i ein gard i Frænen, det er utferda i Nidaros (*DN XXI* nr. 70) og skriva på svært stø klassisk gammalnorsk. Neste belegget er ifrå 1412: «Fræna atungh». Det gjeld igjen vitnemål om ein jordhandel, og brevet er utferda i Stavika, som ligg i *Fræna áttungr* (*DN X* nr. 117). Dette brevet er òg skriva i ei stø og konservativ, nesten gammalnorsk målform. Og i begge tilfella er skrivemåten lik, altså med stammevokalen ⟨æ⟩. Ein spesiell status bør dette siste belegget få ettersom det er henta frå eit brev skriva i miljøet der den lokale uttalen var kjent.

Det tredje belegget kjem frå eit vitnebrev skriva på Øvrebø i Bøverdalen i 1448 (*DN III* nr. 578). Brevet fortel om eit jordskifte der ein gard som ligg «j Frenia fiordh», går inn. Språkforma er her òg relativt stø, men med ymse moderne drag, f.eks. reduksjon av norr. *-a*. Her er altså namnet skriva med stammevokalen ⟨e⟩, og det er bøygd som ein mask. *jan*-stamme, som føreset kort stammevokal. Det er forma i dette yngste dokumentet som Oluf Rygh har festa mest lit til, og som seinare er blitt utgangspunkt for etymologiseringane. Men forma med ⟨e⟩ (= norr. /e/) er umulig ut ifrå dei systematiske korrespondansane med dialektuttalen i dag; og ettersom dokumentet også er forfatta i eit anna dialektmiljø, må ein òg tvile på om denne skrivemåten har grunnlag i romsdalsk uttale på den tida.

Genitivsforma *Frenja* i Øvrebø-brevet er så avstikkande at ein kan få mistanke om at det her er ein lesefeil i *DN*-utgåva. Men det har vore uråd å kontrollere lese måten, ettersom dette dokumentet ser ut til å vere komme bort.

Ut ifrå desse gamle belegga kan ein i alle fall sjå bort ifrå ei tenkt norrøn form som **Frini*, for den fonetiske avstanden frå lyden *i* til det ein kan gjengi med grafemet ⟨æ⟩, er for stor. Skrivemåten av historisk /e/ og /æ/ kan derimot skifte svært mye i eldre dokument, trulig fordi det mangstad tidlig har skjedd vokalendingar i fremre vokalrekka. Av dei tre breva som er nemnt her, er det frå Stavika i Frænen opplagt mest konservativt (d.v.s.

likt klassisk, normert norrønt) i skrivemåten av dei tre interesange vokalfonema: 1) Fonemet kort /e/ er skrive ⟨e⟩ 35 gonger av 38. Dei resterande 3 er skrivne ⟨æ⟩. 2) Fonemet lang /e:/ er skrive ⟨e⟩ i alle 6 tilfella, og 3) fonemet /æ:/ er skrive ⟨æ⟩ i den eine forekomsten. (Det gir ein 'feilprosent' på 6,67.) Dokumentet frå Nidaros frå 1343 viser mange avvik: 1) /e/ er skrive 23 gonger ⟨e⟩ og 8 gonger ⟨æ⟩, 2) /e:/ 2 gonger ⟨e⟩ og 2 gonger ⟨æ⟩, 3) /æ:/ 3 gonger ⟨e⟩ og 1 gong ⟨æ⟩. ('Feilprosenten' her blir 33,33.) Og brevet frå Øvrebø viser slik fordeling: 1) /e/ er skrive 18 gonger ⟨e⟩ og 10 gonger ⟨æ⟩, 2) /e:/ alle 8 gongene ⟨e⟩, og 3) /æ:/ 1 gong ⟨e⟩ og 4 gonger ⟨æ⟩. ('Feilprosenten' blir 26,83.) (Fræn-namnet er halde utafør i teljingane.) Desse tala skulle styrke kjeldeverdien åt Stavik-brevet svært mye, og dermed ei norr. form med æ.

Skrivemåtar frå tida med dansk skriftmål i Norge er sjølvstykke ikkje like viktige, men det kan vere interesant å ta dei med: I Kristoffer Urnes jordebok frå 1637 møter vi namnet i forma «Frenenn» (etter Høstmark 1962), mens Hans Peter Schnitler i sin beskrivelse av Romsdal skriv konsekvent «Frænen» og «fræningerne» med ⟨æ⟩ (Schnitler 1974:97 ff.). Presten Høyem bruker òg skrivemåten «Frænen» (Høyem 1817:319 og fleire stader).

Ein kan derimot stusse litt når presten Jacob Lund (1688-1754) – som i lengre tid var prest på Aukra i Romsdal – skriv «Landbønder i Fræna» i innleiinga til eit dikt skrive på dialekt ein gong i tidsrommet 1729-54 (Dalen og Hagland 1985:59). Men dialekten i diktet er aller mest Lunds eigen frå Snåsa i Trøndelag, og skrivemåten her kan derfor heller ikkje finlesas. I stadnamna ser ein fleire gonger at Lund prøver å gi att dativ, og derfor må *Fræna* trulig oppfattas som dativform. Parallellar – d.v.s. andre namn som i dialekten ville krevje /-ɔ/ i dativ – finn ein ikkje i diktet.

Det er vanskelig å konkludere noe om stammevokalen ut ifrå desse kjeldene, ikkje bare fordi dei er ifrå dansketida, men òg p.g.a. den uavklarte kronologien for vokalovergangane i romsdalsk. Samanfallet av norr. /æ:/ og /e:/ i romsdalsk /e/ har skjedd ein gong etter norrøn tid, og strukturelt må endringane frå norr. /æ:/ til romsdalsk /e/ og frå norr. /e/ til romsdalsk /æ/ ha skjedd før kvantitetsomlegginga. Men ettersom det i romsdalsk er god grunn til å rekne med at kvantitetsomlegginga har skjedd seint, blir det tale om eit langt uavklart tidsrom der desse overgangane kan ha skjedd.

4. Tidligare tolkingar

Brørne Rygh

Karl Rygh seier i *NG* at den «gamle Form maa have været Freni, Gen.

Frenja ... Dets Betydning er ikke forklaret» (Rygh 1908:290). Dette er skrive med grunnlag i manus etter Oluf Rygh; same opplysningane står òg i O. Ryghs «Norske Fjordnavne» (1896:55). Det er skrivemåten frå 1448 som har sett O. Rygh på tanken at *Freni skal vere den opphavlige forma. Dessutan kan ein legge merke til at NG og «Norske Fjordnavne» har ført opp gale uttale av namnet, nemlig /^hfræ:nij/, ein uttale som òg kan ha forvilla Rygh i etymologiseringa.

Som eg har vist ovafor, er ei slik norrøn form med kort *e* umulig ut ifrå dialektuttalen av namnet. Men forma som Rygh sette opp, er – som vi skal sjå – blitt utgangspunktet for dei fleste som har arbeidd med dette namnet.

Både i 'Norske Fjordnavne' og NG er det opplyst at *Frænen* er eit bygdenamn, og deretter hevda at det må *ha vore* eit fjordnamn. Det ser altså ikkje ut til at brørne Rygh har vore klar over at namnet framleis er brukt om fjorden, slik det er vist under pkt. 2. Når *Fræna* er brukt alt i mellomalderen, viser vel det bare kor gammal vekslinga mellom samansett og usamansett namn på fjorden er. Ettersom same namnet kan brukas både på fjorden og bygdene, er det forståelig at ein òg lagar ei samansetning med *-fjord* for den eine tydinga.

Lidén

Evald Lidén er den første som har prøvd å tolke namnet. I 1914 skreiv han ein artikkel om dette norske fjordnamnet. Han bygger på opplysningane frå «Norske Fjordnavne» og NG og tolkar den norrøne namneforma **Freni* som eit nomen agentis av verbet *frenja*, som i Heggstad o.a. 1975 blir omsett med 'belje, raute'. Jotunnamnet *Beli* blir ei parallell ordlagingsform dersom det kjem av verbet *belja*.

«**Freni* betyder alltså 'den som ryter eller bölar (vid storm)'. Det är väl bekant, att en mängd namn på fjordar, sjöar och rinnande vatten beteckna 'den dånande, tjutande, vinande, rytande, brusande o.d.', se isynnerhet den stora exempelsamlingen hos Hellquist i SL 20:2, s. 72 f., samt O. Rygh, Norske Elvenavne, passim» (Lidén 1914: 261).

Ola Stemshaug (NSL 117) viser til denne tolkinga, men legg til:

«Men av utt. og eldre skriftformer er det vanskeleg å avgjera sikkert den eldre forma. ... Det må derfor seiast at F. ikkje er skikkeleg tolka.»

Det er likevel tolkinga åt Lidén som oftast blir brukt i samband med *Fræn*-namnet. Asbjørn Øverås 1928 skriv – rett nok utan å vise til Lidén-:

«Soleis skal herads- og bygdenamnet *Frena* koma av fjordnamnet *Freni*, genitiv *Frenja*, som er utydd, segjer Rygh. (Personleg må me

segja at det er underleg um ikkje ordet skulde ha samanheng med det gamalnorske verbet *frenja* = *bure, belje, raute* – med tanke på fjorden i storm og uver)» (Øverås 1928: 118).

Øverås har vore så overtydd om denne etymologien at han som rein demonstrasjon skriv *Frena* – 11 år etter at regjeringa hadde fastsett skrivemåten *Fræna*. Fleire andre òg tar opp att eller refererer tolkinga åt Lidén (Høstmark 1962 og 1969, Opstad 1979). Og det er trulig same tolkinga Heggstad bygger på når han i *Fornorskingssordbok* under oppslaget *Fræna* skriv: «burde skrivast *Frenen*» (Heggstad 1950:75). Også namnekon-sulentane Per Hovda og Alf Sommerfelt sette opp *Freni* og *Frenja* som gammalnorske former i ei konsulentfråsegn i 1963.

Fræningen Hans Haukås (1957:5) har protestert mot denne tydinga av namnet:

«Frænfjorden skulde altso vera meir bråkande enn andre havstykke her, som t.d. Hustadvika, Buadjupet, Bjørnsundhavet o.a. Dette er no ikkje tilfelle.»

For å vise enda tydeligare at tolkinga med **Freni* må vere galen, kan vi dra fram at dei norrøne formene i bestemt form – **Freninn* i nominativ og **Frenjanum* i dativ – ville i romsdalsk lydrett gi formene **/fræ:nij/* og **/frænjo/* (jmfør *speninn* > **/spæ:nij/* og *spenanum* > **/spæ:no/*). Her er eit skifte i vokalkvantiteten mellom nemneform og dativ og eit skifte mellom konsonantismen /n/ og /nj/. Om dette var rette etymologien, skulle det vere fullt mulig å halde oppe eit slikt formskifte frå nemneform til dativ også i dialekten i dag, for det har jo parallellar i verbøyinga av **/vænje/* 'venne', **/drønje/* 'drønne' – som i presens altså heiter */væ:n/* og */drø:n/*, d.v.s. med skifte både i vokalkvantitet og konsonantisme.

Ein treng heller ikkje gå lenger enn til nabokommunen Midsund for å finne eit slikt skifte i stadnamn: sundet mellom øya Dryna **/dry:na/* og Mia heiter *Drynjasundet* **/drynja,synde/*. Når stadnamnet Frænen ikkje viser refleksar av noe av dette – altså skiftet i både konsonantisme og vokalkvantitet – i tillegg til at det ikkje har stammevokalen /æ/, står ikkje forslaget om det norrøne tilsvaret **Freni* sterkt.

I ein *jan*-stamme kan ein sjølsagt tenke seg utjamning mellom kasusformene. Det einaste levande eksempelet er *vili* > **/velje/*, og her er det forma med *-j-* som har sigra. I stadnamnet måtte vi med ei parallell utjamning ha rekna med **/frænji/* – **/frænjo/*.

Det skal ikkje vere unemnt at verba 'venne' og 'drønne' mangstad i Romsdal i dag er gått over til *ija-* og *ō-*konjugasjonane med infinitivar utan *-j-*: **/væne/* og **/drøne/*. Men dette må vere eit nyare drag; og bygdene som

har halde på dei meir konservative formene opp til våre dagar, har ikkje anna namneform på Frænen enn fræningane sjølve. Etymologien åt Rygh og Lidén må dermed avvisas på språklig grunnlag.

Lokale namnetolkningar

Fræn-namnet har også angasjert folk frå lokalmiljøet. Det har komme fleire tolkingsforslag. V. E. Høstmark (1936) foreslår «Fraunin» som norrøn form, som skulle tyde 'den frødige enga', og forfattern set opp lydlover som skal forklare utviklinga til /^hfre:nij/ (og frå «Fraunvinju» til /^hfre:nɔ/ i dativ!).

Hans Haukås vil knyte namnet til gudenamna Frøy og Frøya. Han viser til Magnus Olsen som

«provar ogso at – «religionen er grundlaget for såvel tingdistrikter som høvding-distriktet» – og soleis ofte avgjerande for namnet på dette.» (1957:6 f.)

Også Haukås prøver å forklare lydovergangane frå «Freyna» til *Fræna*. Men eit norr. **Freyna* ville på romsdalsk heller gi /^hfrœ:ne/.

E. Høstmark (1968) refererer ein lokal autodidakt som har vilja knyte namnet til lat. *frēnum*, som tyder 'beksel'. Forma på fjorden skal gi grunn til denne tolkinga. Dette forslaget er minst like urimelig som dei to hine.

5. 'Den skinande fjorden'

Av dei tre norrøne formene som kunne tenkas ut ifrå 1) uttalen i dag og 2) korrespondansane mellom romsdalsk og norrønt, kunne vi sjå bort ifrå **Frini* p.g.a. skrivemåtane i dei gamle diploma. Vi står att med **Frēni* og **Fræni*, og mellomalderdokumenta gir langt best grunn til å halde på **Fræni*.

Ein norrøn stamme *frén-* er ikkje belagt. På det urnordiske språkstadiet kunne ein slik stamme svare til **fribn-* eller **frehn-*. Av desse er einast **frehn-* kjent, som vi finn igjen i norr. *fregna* (= 'spørje'); men den gir oss ikkje noe rimelig innhald til stadnamnet.

Dermed sit vi att med **Fræni* som den aller mest sannsynlige norrøne forma. Ein norrøn maskulin *an-*stamme med denne forma ville lydrett gi /^hfre:nij/ og /^hfre:nɔ/ i b.f. i romsdalsk i dag. Eit substantiv **fræni* er ikkje belagt i norrønt, men namnet vil stå i eit omlydsforhold til ein stamme *frán-*, som vi finn i *fránn* adj. og subst. Adjektivet har tydinga 'kvass; djerv; skinande, braglande, glinsande', og substantivet 'orm' (Heggstad o.a. 1975). Stammen *frán-* er òg brukt i ymse samansetningar, både appellativ og proprium, og der mest i tydinga 'kvass'. Ordet *fránn* fins òg i moderne

islandsk med tydingane 'kvass; strålande' og 'orm' (Böðvarsson 1963). Namnet åt eine hovudpersonen i folkevisa om 'Frånarormen og Islandsgalten' er utlagt som 'den glinsande, slikjande ormen' (Liestøl og Moe 1967: 304). Ein 'tilsvarande' orm heiter på færøysk *frænarormur* (Jacobsen og Matras 1961). Frå moderne norsk har Ross 1895 *frånen* adj. «rødmusset; rød og fyldig» frå Fjotland. Ordet kan òg ha forma *från*, og Ross refererer til norr. *fránn*.

Med *i*-omlyd fins avleiinga *fræningr* m. 'orm, spyd'; denne tydinga kan nok knytast til ein av eigenskapane adjektivet fortel om. Same substantivet fins òg i moderne islandsk. Erik Björkman behandlar i *Nordische Personennamen in England* personnamnet *Fræna* (òg skrive med variantar som *Frena*, *Frana* o.a.). Namnet er brukt i gammalengelske krøniker, og Björkman set det i samband med norr. *frán*- «glänzend».

Vi må òg ta med at Aasen 1873 har *fræn* m. «Vindbyge med Smaaregn eller Støvregn» (frå Orkdalen), det tilhørande verbet *fræna* frå same stad og *fræning* m. «Drev, Vandperler som prelle tilbake fra Jorden, naar det regner stærkt» (frå Sunnmøre). I færøysk fins *frænutur* adj. 'flekkete' (Jacobsen og Matras 1961). Torp 1919 vil rekne både *fræna* inf., *frånen* adj. og det færøyske *frænutur* for å vere samrøtte.

Det er eitt lite problem med norr. *fránn*: det er brukt bare i skaldskap. (Det gjeld derimot ikkje det islandske adjektivet.) Men det er all grunn til å rekne med at Fræn-namnet må vere laga på eit eldre språkstadium enn norrønt. Derfor kan vi ikkje utan vidare slutte oss til tyding eller stilverdi ut ifrå norrøne kjelder. Men den germ. stammen **frabana-* (Torp 1919:134 og Vries 1962:140) har eg ikkje kunna finne refleksar av utafør nordisk, derfor har vi ikkje anna å halde oss til. Og det tydingsinnhaldet som da ligg nærast å bruke, er 'skinande, braglande, glinsande'. Det kunne tene som ein karakteristikk på fjorden, som ligg godt verna mot det opne storhavet ein møter lenger ute på Romsdalshalvøya. At dei tidlige innbyggjarane har vilja markere denne kontrasten i vêrlaget, verkar rimelig.

Heilt sikre kan vi sjølv sagt aldri bli i tolkinga av så gamle namn. Men med **frabana-* har vi funne ei rot som passar perfekt lydhistorisk, d.v.s. ei utvikling frå urgerm. **Frabanijan* til norr. *Fræni*, som i best. form i romsdalsk gir /^hfre:nij/. Denne rota gir også ei svært rimelig semantisk tolking.

6. Administrativt namn

Frånen har ingen sterk tradisjon som administrativt inndelingsnamn. *Ått-ingen* (tidligare skipreida) ytst på Romsdalshalvøya blei rett nok – som vi såg ovafor – i 1412 kalla *Fræna atungh*. Men alt i Aslak Bolts jordebok,

skreven trulig i 1432–33 (jf. *KLNM*), er det tale om *I Stymys Attunghe*. I tiendeskattemanntalet frå 1520 og i seinare kjelder er derimot *Vågøy* brukt som namn på åttingen, og same namnet blir brukt på tinglaget, når så langt lir. Området som *Vågøy* åtting dekte, svarer i store drag til *Fræna* kommune etter samanslåinga i 1964.

Vågøya, ytst i *Frænfjorden*, var kyrkjestad; eldste vitnemålet på det er ifrå 1336. *Vågøy kyrkjesokn* låg under *Aukra* prestegjeld til 1859. Men som kyrkjesokn omfatta *Vågøy* i grove drag bare *Frænen*, d.v.s. *Fræna* kommune før samanslåinga i 1964. Åttingen og soknet var dermed ikkje identiske, jf. formuleringa frå 1412: 'hii Fræna atungh ok j Wagøy kir(k)io sokn'.

Ettersom *Vågøy*-namnet blir brukt både i verdslig og geistlig inndeling, møter vi ikkje *Fræn*-namnet anna enn tilfeldig i skriftlige kjelder.

Frå 1840 blei *Vågøy* sokn skilt ut frå *Aukra* som eige formannskapsdistrikt med namnet *Vågøy* (*Vaagø*). Først da soknet skulle skiljast ut også geistlig og bli eige prestegjeld i 1859, blei namnet *Vaagø* bytt ut med *Frænen* både på formannskapsdistriktet (frå 1863 herad) og på prestegjeldet. Det kunne nok henge saman med eit ønske som begynte å komme frå dei indre bygdene om å få ei eiga kyrkje. I eit skriv til departemanget i 1860 opplyser prosten *Heltberg* at «navnet 'Vaagø' ...ikke i daglig Tale bruges, hvorimod Sognet i By og Bygd almindelig nevnes 'Frænen'...» (*Kopibog for Frænen* prestegjeld 1860).

Ved kgl. res. 3/11-1917 blei mange kommunenamn endra – dei aller fleste som ein konsekvens av ein politisk vedtatt oppnørskingsprosess. I denne resolusjonen blei også *Frænen* endra til *Fræna*.

Etter at *Schei*-komitéen gjorde framlegg om å slå saman kommunane *Bud*, *Hustad* og *Fræna* til éin storkommune, var det duka for strid om namnet på barnet. Dei tre kommunestyra kom saman til fellesmøte, men greidde ikkje å få fleirtal for noe forslag, slik at regjeringa måtte fastsette namnet på den nye kommunen. Det blei i 1963 fastsett til *Fræna* – som dermed frå 1964 kom til å omfatte meir enn det som frå gammalt heiter *Frænen*.

7. Den offisielle namneforma

Vedtaket frå 1917 om å endre skrivemåten *Frænen* til *Fræna* er eit lite mysterium. At *Frænen* skulle ha feminint genus, blir første gong nemnt i 1905, i ei kort innstilling som behandlar ein del generelle prinsipp. Der heiter det:

«Navne, der i bygdens eget maalføre er hunkjønnsord, bør man undgaa

at skrive med paahængt «fælleskjøns-»artikel (saaledes altsaa «Frøia», ikke «Frøien», «Fræna», ikke «Frænen», «Frosta», ikke «Frosten»)» (Hertzberg o.a. 1905:25).

Det er uklårt kvar komitéen kunne ha ei slik opplysning om feminint genus i Frænen ifrå. Ryghs *Norske Gaardnavne. Romsdals Amt* kom ikkje ut før tre år seinare; men «Norske Fjordnavne» (Rygh 1896) var kommen, og der var det opplyst at namnet var bøygd som eit svakt maskulinum. Munnlege opplysningar om dialektuttalen kunne sjølvstund ha blitt mistolka av ein i komitéen som ikkje hadde god innsikt i bøyingsystemet i romsdalsk.

Frå denne innstillinga frå 1905 ser forma *Fræna* ut til å ha gått inn i fleire ordbøker som vil gi opplysningar om 'fornorska' namneformer. Schjøtt 1909:251 opplyser under *Frænen* at namnet blir uttalt /^hfræ:na/. Og Eskeland 1912:32 bruker *Fræna* som oppslagsform. Heggstad 1917:184 set opp under *Frænen* den 'fornorska' forma 'Fræna'.

Professor Marius Hægstad var med på innstillinga frå 1905, og trulig dermed òg på diskusjonen om *Frøya* og dei hine parallellane. Namnekonseptane Hægstad og Hjalmar Falk blei i 1915 bedt om å lage ei utgreiing om inndelingsnamna i Norge. I departemangarsarkivet ligg det saman med manus til utgreiinga frå Falk og Hægstad i 1915 ei handskriven liste over gjeldande skrivemåte på alle kommunenamna samanlikna med dialektformene, som er ekserpert or *NG*. Der det er ein viktig forskjell, har dei sett strek under namnet i lista, og dei understreka namna går att i utgreiinga med framlegg til nye skrivemåtar. *Frænen* er ikkje understreka. Falk og Hægstad har altså tydeligvis vore klar over at denne namneforma samsvarer godt med uttalen, og derfor har dei medvete ikkje foreslått endring av skrivemåten av dette namnet.

I høringsrunden på endringsframlegga frå Falk og Hægstad heiter det både frå Frænen Herredsstyre og frå Amtmanden i Romsdals Amt at dei ikkje ønskjer noen endring av kommunenamnet. Derfor kom det heller ikkje inn i tilleggsutgreiinga som Falk og Hægstad la fram i 1916, noe endringsframlegg om *Frænen*. Det ser dermed ut til at det er departemanget som heilt på eige initiativ set inn endringa frå *Frænen* til *Fræna* i den kongelige resolusjonen av 3. nov. 1917. I departemangarsarkiva har det dessverre ikkje vore mulig å finne førearbeid til resolusjonen som har kunna vise noe om arbeidsgangen, heller ikkje om Marius Hægstad eller Hjalmar Falk har reagert på resolusjonen.

Forklaringa kan vere at ein saksførebuvar i departemanget har arbeidd

alle stadnamn som hadde det. Med god vilje, men likevel ved ei mistyding, svært flittig med å gjennomføre prinsippet om å markere feminint genus i har han òg tatt med seg *Frænen* i det nasjonale oppryddingsarbeidet. Men same korleis dette heng saman, må det i alle fall reknas som ei arbeidsulykke at dette påfunnet ikkje er blitt faglig kontrollert når resolusjonen på denne måten bryt med både utgreiingane og høringsfråsegnene som var bakgrunnen for resolusjonen.

Arbeidet i departemanget blir nok verande eit mysterium. Men ein stussar litt når ein oppdagar at Leiv Heggstad i førsteutgåva av *Fornorskingsordbok* frå 1917 fører opp *Frænen* med 'fornorska' form «Fræna». Boka kom etter utgreiingane frå Falk og Hægstad, men må ha vore skriven før resolusjonen passerte statsråd, for det er ikkje vist til resolusjonen; derimot er det sett stjerne framom dei fornorska namneformene som samsvarer med framlegget frå Falk og Hægstad. Slik blir det òg markert at «Fræna» ikkje er eit framlegg frå namnekonsulentane. Dêt var altså Leiv Heggstad klar over. Sjølv arbeidde Leiv Heggstad ved Voss landsgymnas på denne tida. Men broren, juristen Sigvat Heggstad, var sekretær i Kyrkjedepartemanget frå 1915.

Det som ikkje gjør det heilt opplagt å kople desse to namna til førearbeidet for resolusjonsteksten, er at dei var sønene åt namnekonsulenten Marius Hægstad. Men vi ser at Leiv Heggstad snur snart i synet på Frænamnet, for alt i andreutgåva av fornorskingsordboka frå 1924 fører han opp *Frænen* utan merknad eller 'fornorska' form – og nå altså i strid med den sju år gamle resolusjonen. Endelig lyder oppslaget *Fræna* i 1950 – med merknaden «burde skrivast *Frenen*». Dette skulle òg illustrere godt kva forvirring som har rådd om namnet.

Korleis reagerte så fræningane på at kommunenamnet deires blei forvanska? Eg har gått igjennom *Romsdals Budstikke* for hausten 1917 og våren 1918 for å prøve å finne ut noe om den lokale stemninga. Men her mangla dei sinte protestbrev. Ikkje den minste notis var det mulig å finne om namneendringa. Heller ikkje i dei faste referata frå heradsstyremøta er endringa nemnt. I referatet frå møtet 27/12-1917 – trykt 15/1-1918 – blir forma *Fræna* brukt for første gong, men inkonsekvent. Seinare blir forma konsekvent brukt. Same mønsteret gjeld òg for endringane av hine kommunenamna i Romsdal: ingen direkte merknad om sjølve forandringa, og litt inkonsekvent bruk heilt i førstninga. Men desse endringane var folk førebudd på, og heradsstyra hadde støtta endringsframlegga i høringsrunden.

I 1962-63 gikk diskusjonen intenst om kva namnet skulle vere på den nye storkommunen som Schei-komitéen hadde foreslått. Enda så opplagt det

skulle vere at *Fræna* hadde gale genus, blei ikkje det dratt fram i den lokale debatten. Derimot blei nett dét kommentert av namnekonsulentane. Dei rådte til eit anna kommunenamn (Bud), og at dei to kyrkjesokna i Frænen ved neste høve fikk endra namn til Ytre og Indre Frenen. Noen språklig diskusjon blei det ikkje nå heller. Derimot blei konsulentane frå dei gruppane fråsegna deires gikk imot (Hustad og Fræna kommunar) nærast skulda for fusk og for «forvrengingar og ukorrekteiter» (ordførar Stavik, Fræna kommune), og «at dei ... ikkje har handsama saka så samvetsfullt som ein skulle ha lov til å venta» (ordfører Lindseth, Hustad kommune). (*Romsdals Budstikke* 13/8 1963.) Desse krasse reaksjonane skuldas trulig dei historiske argumenta i konsulentfråsegna. Sjelve namneforma blei einast kommentert i ei fråsegn frå Fræna kommunestyre 8/8 1963 (forma som eit detaljert svar på fråsegna frå namnekonsulentane):

«Fræna kommunestyre har inkje imot at skriveforma på namnet blir korrigert, dersom den noverande er ukorrekt. Då denne sida av saka ikkje ligg føre som sak, tek ein det ikkje opp no, men ein vil peika på at den skrivemåten som i dag vil bli lettast akseptert og som ligg svært naturleg opp til dagleg bruk, er forma Frena.»

Kommunestyret reagerer altså bare på stammevokalen *æ* – som p.g.a. det etymologiske skriveprinsippet faktisk er rett! – og ser ut til å godta den galne feminin-endinga!

8. Situasjonen i dag

Den vanlige uttalen av det offisielle kommunenamnet er i dag /^lfre:næ/, d.v.s. at uttalen blir tilpassa 'gamlenamnet' i stammevokalen, og den utlydande trykklette vokalen blir /-æ/, som svært systematisk svarer til *-a* i skriftmåla. (Uttalen /^lfræ:na/ blir nok brukt på Molde, og gjerne òg som meir korrekt 'leseuttale' elles i Romsdal.) Med tonem 2 høver ikkje denne forma inn som noe feminint ord i dialekten. Ettersom det heller ikkje har dativform, må det reknas som eit ubøyelig substantiv med ubestemmelig genus. Dette må vere ein «skjebnens ironi» når ein tenker på at det var nettopp feminint genus som skulle få komme til sin rett i 1917!

I Fræna kommune blir framleis 'gamlenamnet' Frænen brukt om den eigentlige Frænen, altså bygdene kring Frænfjorden. Slik kunne ein ha tenkt seg ei funksjonsfordeling mellom dei to namneformene. Men til det er nok formene for like, forskjellen ville bli for spissfindig. I dag er namnebruken ofte forvirrande, og det tar ei stund å venne seg til at når lokalavisene skriv om Ytre Fræna, skal det tyde dei tidligare kommunane Hustad og Bud. Før

var den egentlige Frænen delt i kyrkjesokna Indre og Ytre Fræna. Men for å unngå mistyding og forvirring skifta Ytre Fræna kyrkjesokn namn i 1980 til gamlenamnet Vågøy! Framtidige lokalhistorikarar må nok halde hovudet klart skal dei vite kva tid kva namn tyder kva.

Litteraturliste

- Björkman, E. 1910: Nordische Personennamen in England in Alt- und Frühmittel-Englischer Zeit. Halle.
- Böðvarsson, Á. 1963: Íslenzk orðabók handa skólum og almenningi. Reykjavík.
- Dalen, A. og J. R. Hagland (red.) 1985: 'I det mest upolerede Bondesprog'. Tekster på trøndermål 1706-1856. Oslo-Bergen-Stavanger-Tromsø.
- DN: Diplomatarium Norvegicum. Christiania/Oslo 1847-.
- Eskeland, L. 1912: Norsk rettskrivingsordbok. 2. utg. Kristiania.
- Falk, H. og M. Hægstad 1915; 1916: Utredning om landets inndelingsnavne. [1]; 2. Kristiania.
- Haukås, H. [1957]: Gamalt frå Fræna. 1. Molde.
- Heggstad, L. 1917: Fornorskingsordbok. Kristiania.
- Heggstad, L. 1924: Fornorskingsordbok. 2. utg. Oslo.
- Heggstad, L. 1950: Fornorskingsordbok. 3. utg. Oslo.
- Heggstad, L., F. Hødnebo og E. Simensen 1975: Norrøn ordbok. Oslo.
- Hertzberg, E., A. Chr. Bang, M. Hægstad og A. Taranger 1905: Indstilling fra den af Kirke- og undervisningsdepartementet under 6. januar 1902 nedsatte komité til revision af de geistlige og civile inddelingsnavne. Kristiania.
- Høstmark, E. 1962: Frænanamnet. I: Romsdal Sogelag. Årsskrift 1962.52-57.
- Høstmark, E. 1968: Navnet Frenen. I: Romsdal Sogelag. Årsskrift 1968.93-98.
- Høstmark, V. E. 1936: Frenin. Ein freistnad på å tyda namnet. I: Unge Romsdal 3/9 1936.
- Høyem, A. 1817: Beskrivelse over Bynæssets og Agerøes Præstegjelde. I: Det kongelige norske Videnskabers Selskabs Skrifter i det 19de Aarhundrede. 1.295-338. Trondhjem.
- Jacobsen, M. A. og Chr. Matras 1961: Føroysk-donsk orðabók. 2. utg. Tórshavn.
- KLNM: Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til reformasjonstid. Oslo.
- Lidén, E. 1914: Om Frænfjordens namn. I: NoB 2. 259-262.
- Liestøl, K. og M. Moe (red.) 1967: Norsk folkedikting. 6. 3. utg. ved O. Bø og S. Solheim. Oslo.
- NSL: Sandnes, J. og O. Stemshaug (red.) 1980: Norsk stadnamnleksikon. 2. utg. Oslo.
- Opstad, K. 1979: Gamle Møre i rit og minne. Trondheim.
- Ross, H. 1895: Norsk Ordbog. Christiania.
- Rygh, K. 1908: Norske Gaardnavne. 13. Kristiania.
- Rygh, O. 1896: Norske Fjordnavne. I: Sproglig-historiske Studier tilegnede Professor C. R. Unger 30-86. Kristiania.

- Schnitler, H. P. 1974: Beskrivelse over Romsdals Fogderie 1768 og 1789. Utg. ved Bjørn Austigard. Molde.
- Schjøtt, S. 1909: Dansk-norsk ordbog. Kristiania.
- Torp, A. 1919: Nynorsk etymologisk ordbok. Kristiania.
- Vries, J. de 1962: Altnordisches etymologisches Wörterbuch. 2. Aufl. Leiden.
- Øverås, A. 1928: Romsdals saga. 1. Molde.
- Aasen, I. 1873: Norsk Ordbog. [2.] Udg. Christiania.